

## **Landsmøtebok frå det 38. landsmøtet i Norsk Målungdom 1999**

FREDAG 19. MARS

SAK 1 OPNING

Magnus Bernhardsen, leiar i NMU, opna møtet kl 13:30.

Innkallinga til landsmøtet vart godkjend.

Hege Myklebust og Hege Tangen vart valde til ordstyrarar.

Helsingstale frå ordføraren i Ullensvang herad, Torgils Jåstad.

Indre Hardanger Målungdom ynskte velkomne til landsmøtet med ein song. Laget presenterte seg, og orienterte om andrsvarsområde og kontaktpersonar for ulike ting.

Framlegg til ordstyrarar frå landsstyret:

Guri Skeie, Hege Myklebust, Hege Tangen, Filip Stokkeland og Oddmund Hoel.

Samrøystes valde.

Framlegg til møteskrivarar frå landsstyret:

May-Britt Hopsdal, Ragnhild Ås, Håvard Tangen, Erik Bolstad og Arild Torvund Olsen.

Samrøystes valde.

Framlegg til underskrivarar av møteboka:

Halvard Lægred og Jenny Sundvall.

Samrøystes valde.

Ordstyrarane la fram landsmøteføresegnene.

Samrøystes vedteke.

Ordstyrarane la fram framlegget til køyreplan for landsmøtet.

Desse hadde ordet: Magnus Bernhardsen, Tarjei Vågstøl, Guri Skeie, Erlend Baldersheim

Det kom framlegg om at:

SAK 10 Nasjonal strid – Kurdistan og Noreg. Ahmed Bozqil kan ikkje koma, punktet vert kutta.

SAK 11 Fråsegner. Gruppeordskifta blir slått saman.

Driftsfondet til NMU manglar vedtekter. Guri Skeie kom med framlegg om å taka opp nye styringsføresegner for Driftsfondet saman med budsjettsaka.

Samrøystes vedteke med endringsframlegga.

Framlegg til fullmaktsnemnd frå landsstyret:

Ragnhild Bjørge, Astrid Dypvik, May Britt Hopsdal.

Hege Myklebust la fram framlegg til endringar: Astrid Dypvik blir erstatta med Ingvild Aursøy Måseide.

Samrøystes valde med endringsframlegga frå ordstyrarane.

Framlegg til valnemnd under landsmøtet frå landsstyret:

Håkon Kolmannskog, Ragnhild Bjørge og Guri Skeie.

Samrøystes valde.

Framlegg til arbeidsprogramnemnd frå landsstyret:

Hilde Lysengen Havro, Gudrun Kløve Juuhl, Halvard Lægred, Inger Johanne Sæterbakk og Andreas Øiestad.

Hege Myklebust la fram framlegg til endringar: Inger Johanne Sæterbakk og Andreas Øiestad blir erstatta med Marte Næverdal og Endre Langeland.

Desse hadde ordet: Silje Buset, Magnus Bernhardsen, Gudrun Kløve Juuhl

Det kom framlegg frå Silje Buset om at Bjørn Hunderi frå Studentmållaget i Bergen skulle inn i nemnda og at nemnda skulle utvidast med ein person.

Gudrun Kløve Juuhl opprettheldt framlegget frå landsstyret.

Framlegger fall.

Til dagsorden:

Framlegg frå Kristian Th. Evjen: Alle må gå opp på talarstolen når dei skal snakka.

Framlegg til fråsegnsmnd frå landsstyret:

Filip Stokkeland, Astrid Dypvik, Marit Tennø, Frank Rønning og Hege Tangen.

Desse hadde ordet: Oddbjørn Haugen, Magnus Bernhardsen.

Det kom framlegg frå Oddbjørn Haugen om at Bjørn Hunderi frå Studentmållaget i Bergen skulle inn i nemnda.

Det vart samrøystes vedteke.

Det nye framlegget til fråsegnsmnd vart samrøystes valde.

Framlegg til økonominemnd frå landsstyret:

Erik Bolstad, Hege Myklebust, Inger Johansen.

Samrøystes valde.

Ordstyrarane gjekk gjennom deltakarlista og sjekka kven som hadde kome.

Møtelyden song: "Soga om Kark".

## SAK 2 LEIARTALE

Magnus Bernhardsen heldt leiartalen.

Desse hadde ordet: "Jone Aareskjold".

Pause frå 14:49 til 15:00

Møtelyden song: "Kunnskap skal styra rike og land".

## SAK 3 ÅRSMELDING

Hilde Lysengen Havro, nestleiar i NMU, la fram årsmeldinga frå landsstyret.

Desse hadde ordet: Trond Martin Sæterhaug, Håkon Kolmannskog, Erlend Baldersheim, Tarjei Vågstøl, Filip Stokkeland, Oddbjørn Haugen og Magnus Bernhardsen.

Framlegg til vedtak frå Trond Martin Sæterhaug: "Landsmøtet ynskjer at aktiviteten i landsdelane skal oppsummerast i årsmeldingane frametter".

Samrøystes vedteke.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjend.

## VITRING FRÅ FULLMAKTSNEMNDA

ved Ragnhild Bjørge.

Innstillinga frå nemnda var slik:

Frank Rønning får utsendingsrett frå Lillehammer Målungdom.

Ingunn Stana får tale og framleggsrett frå Øystese Målungdom.

Erik Bolstad blir utsending frå Studentmållaget i Oslo.

Odny Askeland blir observatør frå Kvinnherad Målungdom.

Ragnhild Askeland blir utsending frå Kvinnherad Målungdom.

Ragnhild Ås blir utsending frå Studentmållaget i Nidaros.

Veronica Holmli blir observatør for Vuku Målungdom.

Alle observatørar får tale- og framleggsrett.

Innstillinga vart samrøystes godkjend.

#### SAK 4 REKNESKAP

Inger Johansen innleidde.

Desse hadde ordet: Hege Myklebust.

Samrøystes godkjend.

Rekneskapan for driftsfondet vart samrøystes godkjend.

Pause frå 16:00 til 17:39

Song: Å leva det er å elska.

Vitring om praktisk frå tilskiparlaget v/ Inger-Helen

Ordstyrarane vitra om at Håvard Tangen var sjuk, og gjorde framlegg om at Tarjei Vågstøl gjekk inn som møteskrivar i staden for han.

#### SAK 5 MEDLEMPENGAR

Inger Johansen vitra om framlegget til medlemspengar for 2000.

#### SAK 6 ARBEIDSPROGRAMMET

Arild Torvund Olsen innleidde.

Ragnhild Bjørge las opp gruppene.

Pause og gruppeordskifte kl. 18:15 til 19:10

Song: "Det er itjån som kjem tå seg sjøl".

Tilskiparlaget v/Inger-Helen Sekse vitra.

Samlaordskifte:

Desse hadde ordet: Inger Johansen, Jone Aareskjold, Erlend Baldersheim, Gudrun Kløve Juuhl, Tarjei Vågstøl, Magnus Bernhardsen, Håkon Kolmannskog, Veronika Holmli, Hege Myklebust, Ragnhild Askeland, Oddbjørn Haugen, Silje Buset, Bjørn Nesse Hunderi, Tarjei Vågstøl, Ingvild Aursøy Måseide, Gudrun Kløve Juuhl, Kristian T. Evjen, Tarjei Vågstøl (RE) og Kristian T. Evjen (SVRE).

Pause frå 19:55 til 20:04

#### SAK 7 REVIDERT BUDSJETT 1999 OG BUDSJETT 2000

Inger Johansen innleidde.

Desse hadde ordet: Hege Myklebust og Inger Johansen.

FØRESEGNER FOR DRIFTSFONDET ÅT NMU  
Guri Skeie vitra.

Desse hadde ordet: Erik Bolstad

Helsingstale frå Ungdom mot EU v/ Hege Tangen.

## SAK 8 LOV OG TUFT-BRIGDE

Magnus Bernhardsen innleidde.

Desse hadde ordet: Erlend Baldersheim, Erik Haugan, Ragnhild Askeland, Gudrun Kløve Juuhl, Sigbjørn Hjelmbrække, Tarjei Vågstøl, Hege Myklebust, Erlend Baldersheim, Tarjei Vågstøl, Erlend Baldersheim(RE) og Erik Haugan.

Saksføreaving: Gudrun Kløve Juuhl, Ragnhild Bjørge, Filip Stokkeland, Erik Haugan, Hege Myklebust.

Røysting over lovbrigde:

Teljekorpset: 35 med røyserett i salen  
For å ha 2/3-fleirtal må ein ha 24 røyser

Framlegg til ny paragraf 2  
Stryk siste setninga.  
Samrøystes vedteke

Framlegg til ny paragraf 5  
Stryk siste setninga.  
Samrøystes vedteke

Framlegg til tillegg og endring til paragraf 11  
Saksføreaving til Oddbjørn Haugen  
Samrøystes vedteke

Kan me ta opp framlegget til Erlend Baldersheim  
Framlegg: til paragraf 11: Skifta ut verbet "å førehava" med verbet "å hava føre". Subsidiært framlegg: "å hava føre".  
Samrøystes vedteke

Framlegget frå Erlend Baldersheim.  
Samrøystes vedteke

Ny paragraf 18  
Tillegg i siste setninga : "Leiaren i NMU har alltid..."  
Samrøystes vedteke

Ny paragraf 37 – realitetsføreavinga endringa  
Endring frå Erik Bolstad: "Minst 50% av representantane i alle organ..."  
Vedteke mot 4 røyser

Framlegget frå LST  
Samrøystes vedteke

Set opp ny paragraf 37 mot gjeldande paragraf  
Vedteke mot 3 røyser.

Praktisk v/ Inger-Helen Sekse.

Håkon Kolmannskog reklamerte for bokdisken.

Frist for brigde til arbeidsprogram og økonomi kl.22:30.

Møteslutt kl.21.15.

LAURDAG 20.MARS

Møtet tok til klokka 09:05.

Møtelyden song "Vi skal ikkje sova bort sumarnatta".

SAK 9 VITRING FRÅ VALNEMNDA

Håkon Kolmannskog vitra.

JENTE- OG GUTEFORMØTE

Ingvild Aursøy Måseide leidde jenteføremøtet. Magnus Bernhardsen leidde guteføremøtet.

Inger Helen Sekse kom med praktisk informasjon frå tilskiparlaget.

SAK 10 TUFTORDSKIFTE

Inger Johansen innleidde.

Ragnhild Bjørge vitra om gruppeinndelinga.

Pause frå 10:25 til 10:35.

Gruppeordskifte frå 10:35 til 11:45

Samla ordskifte. Desse hadde ordet: Kay Morten Aarskog, Gudrun Kløve Juuhl, Marte Næverdal, Trond Martin Sæterhaug, Hilde Ullmann, Tarjei Vågstøl, Ragnhild Askeland, Endre Langeland, Odny Askeland, Veronika Holmli, Erlend Hovland, Jone Aareskjold, Ingvar Tjøstheim, Helle Marie Nordstrand, Marit Aakre Tennø, Hege Tangen, Odny Askeland (RE), Helga Bjørge, Halvard Lægreid, Guri Skeie, Erlend Baldersheim, Frank Rønning, Filip Stokkeland, Astrid Dypvik, Trond Martin Sæterhaug, Oddmund Hoel, Magnus Bernhardsen.

SAK 11 FRÅSEGNER

Astrid Dypvik la fram fråsegnframlegga frå landsstyret.

Desse hadde ordet: Håkon Kolmannskog, Ragnhild Askeland, Gudrun Kløve Juuhl, Erlend Baldersheim, Guri Skeie, Ragnhild Ås, Trond Martin Sæterhaug, Jone Aareskjold, Silje Buset, Kay Morten Aarskog, Erlend Baldersheim (RE), Mia Kirknes, Erik Haugan, Ingvar Tjøstheim, Jone Aareskjold, Marit Aakre Tennø, Kay Morten Aarskog, Hilde Ullmann, Frank Rønning, Ragnhild Askeland (RE), Tarjei Vågstøl (RE), Frank Rønning (SVRE), Tarjei Vågstøl, Hege Myklebust, Magnus Bernhardsen og Ragnhild Askeland.

Matpause frå klokka 13:10 til 14:40.

Song: "Ola Tveiten"

HELSINGSTALE FRÅ NOREGS MÅLLAG

v/ Oddmund Hoel.

SAK 11 FRÅSEGNER (framhald)

SIDEMÅL

v/ Tarjei Vågstøl

"FRIDOM TIL NYNORSK SOM HOVUDMÅL" OG NYNORSK PROGRAMVARE

v/ Ingvild Aursøy Måseide

Gruppeordskifte frå 15.30 til 16.05

Møtelyden song: "Hovud, aksler, kne og tå"

I samlordskifte hadde desse ordet: Erlend Baldersheim, Tarjei J. Vågstøl, Gudrun Kløve Juuhl, Hege Myklebust, Erik Haugan, Oddbjørn Haugen, Tarjei J. Vågstøl (RE), Veronika Holmli, Tarjei J. Vågstøl, Kay-Morten Aarskog, Oddmund Hoel.

Til saksførehavinga: Magnus Bernhardsen.

#### SAK 6 ARBEIDSPROGRAM

Magnus Bernhardsen vitra om framlegget frå nemnda.

Framlegg 1, frå Oddbjørn Haugen

Line 14: "Me skal òg arbeida for auka aksept for nynorsk og arbeida for å styrkja målføra"

Tilrådd avvist - Oddbjørn Haugen vil oppretthalda framlegget.

Desse hadde ordet: Oddbjørn Haugen.

Framlegget vart avvist.

Framlegg 2, frå Oddbjørn Haugen

Flytt line 14 til line 20.

Tilrådd vedteke.

Vedteke.

Framlegg 3, frå Tarjei Vågstøl og May-Britt Hopsdal

Line 49 "Konkrete planar for kampanjen skal liggja føre til sumaren"

Tilrådd vedteke.

Vedteke.

Framlegg 4, frå Arild T. Olsen og Ingvild A. Måseide

Line 50: "Målbytekampanjen bør starta ei veke før skulestart og halda på til to veker etter skulestart"

Samrøystes tilrådd avvist, sjå eige framlegg.

Desse hadde ordet: Hege Myklebust.

Ingen ville oppretthalda framlegget.

Framlegg 5, frå nemnda:

Line 50, ny line: "Målbytekampanjen bør starta to veker før skulestart og halda fram tre veker etter."

Tilrådd vedteken.

Vedteke

Framlegg 6, frå Bjørn N. Hunderi:

Line 53: "NMU skal halda fram arbeidet med å revidera målfararopplegget. Det nye opplegget skal vera betre tilpassa typiske nynorske kjerneområde."

Fyrste setningen er tilrådd vedteken.

Andre setningen er tilrådd avvist.

Bjørn Nesse Hunderi ville oppretthalda framlegget som var tilrådd avvist.

Desse hadde ordet: Bjørn Nesse Hunderi.

Vedtak: Andresetningen vart vedteken storken mot 11 røyster og 2 fråhaldande.

Framlegg 7, frå Ragnhild Askeland og Håkon Kolmannskog

Line 56: Set inn setningane: "Det bør arbeidast med at kampanjane og målfararopplegget blir utbetra slik at ein møter ungdom meir på deira nivå og premisser, og då på ein betre måte fengjer målgruppa, elevar med vidaregåande skule og ungdomsskule."

Samrøystes tilrådd avvist, vert sett på som innarbeidd i framlegget frå Bjørn N. Hunderi.

Tarjei J. Vågstøl ville oppretthalda framlegget.

Desse hadde ordet: Tarjei J. Vågstøl

Vedtak: Avvist mot 3 fråhaldande røyster.

Framlegg 8, Erlend Baldersheim:

Line 72: "NMU lyt samarbeida med lærarorganisasjonane for å styrkja sidemålsundervisninga."

Samrøystes tilrådd vedteke.

Vedteke mot 1 røyst.

Framlegg 9, Veronika Holmli:

Line 81: “Me må halda fram, og betra, informasjonsarbeidet...”  
Samrøystes tilrådd vedteke.  
Erik Bolstad hadde ordet til saksføreavinga.  
Vedteke.

Framlegg 10, frå Oddbjørn Haugen:  
Line 82: Byt ut “ovanfor” med “andsynes”.  
Samrøystes tilrådd vedteke.  
Vedteke.

Framlegg 11, Inger Johansen og nemnda:  
Line 90: Tillegg: “Det er eit mål å ha skulestartaksjonar på alle dei nynorske vidaregåandeskulane.”  
Samrøystes tilrådd vedteke.  
Vedteke.

Framlegg 12, frå Tarjei J. Vågstøl og May-Britt Hopsdal:  
Line 101: Tillegg: “Studentkonferansen skal ha som mål å få minst 60 deltakarar.”  
Tilrådd avvist, sjå eige framlegg.  
Ingen opprettheldt framlegget.

Framlegg 13, frå Inger Johansen:  
Line 101: Tillegg: “Det er eit mål å få 40 studentar på studentkonferansen.”  
Tilrådd avvist, sjå eige framlegg.  
Ingen opprettheldt framlegget.

Framlegg 14, frå nemnda  
Line 101: Tillegg: “Det er eit mål å få 50 deltakarar på studentkonferansen.”  
Tilrådd vedteke.  
Vedteke.

Gudrun Kløve Juuhl tok ordet til saksføreavinga.

Framlegg 15, frå Ingvild A. Måseide, Gudrun Kløve Juuhl, Marte Næverdal, Helga Bjørge, Arild T. Olsen:  
Line 121: Stryk setninga: “Denne kampanjen...”  
Tilrådd vedteke.  
Vedteke.

Framlegg 16, frå Ingvild A. Måseide, Gudrun Kløve Juuhl, Marte Næverdal, Helga Bjørge, Arild T. Olsen:  
Line 121: “Denne kampanjen bør vera i tidsrommet etter skulestartaksjonane fram til skulemålskonferansen.”  
Tilrådd avvist, sjå eige framlegg.  
Arild T. Olsen ville oppretthalda framlegget.  
Desse hadde ordet: Arild T. Olsen, Hege Tangen (RE), Tarjei Vågstøl, Erlend Baldersheim.  
Desse hadde ordet til saksføreavinga: Hilde L. Havro, Erlend Baldersheim.

Framlegg 17, frå Erlend Baldersheim:  
Line 122: Set inn “Kampanjen om ungdomskulturelle ideal skal taka til med skulemålskonferansen.”  
Tilrådd avvist, sjå eige framlegg.  
Erlend Baldersheim opprettheldt framlegget.  
Avvist

Desse hadde ordet: Hege Tangen, Tarjei J. Vågstøl, Erlend Baldersheim, Hilde L. Havro.

Framlegg 18, nemnda:  
Line 121: Ny line: “Kampanjen skal gå mellom skulemålskonferansen og vinterleiren.”  
Tilrådd vedteke.  
Nemnda trekkjer framlegget sitt til fordel for framlegg 17.

Prøverøysting mellom framlegg 16 og 17.  
Flest røyster for framlegg 17.

Røysting mellom framlegg 16 og 17.

Flest røyster for framlegg 17.

Røysting om framlegg 17 skal inn i arbeidsprogrammet.  
Vedteke.

Framlegg 19, frå Tarjei J. Vågstøl og May-Britt Hopsdal:  
Line 122: Ny line: "Konkrete planar for kampanjen skal liggja føre til sumarleiren."  
Tilrådd vedteke.  
Vedteke.

Framlegg 20, frå Erlend Baldersheim:  
Line 123: Ny line: "NMU skal søkja samarbeid med Noregs Ungdomslag om denne kampanjen."  
Tilrådd vedteke.  
Vedteke.

Framlegg 21, Erlend Baldersheim:  
Line 150: Stryk "med tillitsverv", subsidært framlegg: stryk line 150.  
Fyrste delen tilrådd avvist.  
Andre delen tilrådd vedteken.  
Ingen opprettheldt det primære framlegget.  
Desse hadde ordet: Erlend Baldersheim.

Framlegg 22, frå Jone Aareskjold, Oddbjørn Haugen og Bjørn N. Hunderi:  
Språkrøkt

Dei norske målføra er utsette for eit sterkt bokmålspress som gjer at målføra vert dregne mot bokmål. Mykje av rikdomen i dialektane våre er i ferd med å gå i gløymeboka. Det er viktig at ungdomen får større godhug for eigen og andre dialektar og gode norske ord. Mange norske ord ser folk på som sære av di dei er lite kjende. NMU skal driva språkrøkt mellom ungdomen ved å gjera den norske ordlagingsstradisjonen og dei norske orda kjende for ungdomen. Dette kan gjerast på skulevitjingane og gjennom å nytta Motmæle til målodling. Målteigane skal samlast i eit eige hefte. Medlemene vert oppmoda til å driva målrøkt, særleg retta mot bruk av eigen dialekt. Angloamerikansk har høg status mellom ungdomen, og ungdomen nyttar ofte angloamerikanske ord i staden for norske. NMU må arbeida for at dei norske orda vert tekne i bruk mellom ungdomen, og for at me får eit høgare medvit om denne språkutviklinga.

Fyrste delen tilrådd vedteken.  
Andre delen tilrådd avvist.  
Tredje delen tilrådd vedteken.  
Flytting av datapunktet til line 91 - Tilrådd vedteke.  
Jone Aareskjold oppretthalde andre delen.  
Desse hadde ordet: Jone Aareskjold  
Vedtak:  
Fyrste delen vart vedteken.  
Andre delen vart avvist.  
Tredje delen vart vedteken.

Til framlegg 21:  
Røysting om å stryke line 150.  
Vedteke.

Erlend Baldersheim hadde ordet til saksføreavinga.

Røysting om heilskapen på punkt 22:  
Vedteken.

Framlegg 23, frå Gudrun Kløve Juuhl:  
Line 151 - 157: Stryk punkt "Blest".  
Tilrådd avvist mot ei røyst.  
Gudrun Kløve Juuhl opprettheldt framlegget.  
Desse hadde ordet: Gudrun Kløve Juuhl.



Framlegget vart avvist.

Framlegg 24, frå Gudrun Kløve Juuhl:

Line 193: Tillegg: "Det skal skipast til jente- og guteføre- og ettermøte i samband med alle sentrale tilskipingar i NMU."

Tilrådd vedteke.

Vedteke.

Framlegg 25, frå Silje Buset:

Line 218 - 219: Ny setning: "Studentmållaga skal skapa eit sosialt miljø der studentar og andre kan ordskiftast om aktuelle politiske emne."

Tilrådd avvist.

Silje Buset opprettheldt framlegget.

Avvist.

Silje Buset hadde ordet til saksføreavinga.

Framlegget vart avvist.

Framlegg 26, frå Tarjei J. Vågstøl og May-Britt Hopsdal:

Line 219 - 220: Stryk "...og vinna intellektuelle miljø for målreisinga."

Tilrådd avvist.

May-Britt Hopsdal opprettheldt framlegget.

Desse hadde ordet: May-Britt Hopsdal.

Avvist.

Erlend Baldersheim hadde ordet til saksføreavinga.

Framlegg 27, frå Kristian T. Evjen og Ragnhild Ås:

Line 224: Ny tittel: "Distriktsorganisering"

Tilrådd vedteke.

Samrøystes vedteke.

Framlegg 28, frå Kristian T. Evjen og Ragnhild Ås:

Line 226 - 229: Byt ut linene med: "For å koordinera regionalt målarbeid bør det vera eit mål at lokallaga betrar kontakten seg i mellom ved å samarbeida om aksjonar, tilskipingar og anna."

Tilrådd avvist, innarbeidd i neste framlegg.

Ingen opprettheldt framlegget.

Framlegg 29, frå nemnda:

Line 228: Byt ut lina med: "Det er eit mål at lokallaga betrar kontakten seg i mellom ved å arbeida om aksjonar, tilskipingar og anna."

Tilrådd vedteke.

Samrøystes vedteke.

Framlegg 30, frå Inger Johansen:

Line 246: Tillegg: "Målsetnaden på deltakarar er 30."

Tilrådd vedteke.

Samrøystes vedteke.

Framlegg 31, frå Inger Johansen:

Line 249: Tillegg: "Det er eit mål at 20 deltakarar kjem på kurset."

Tilrådd vedteke.

Erik Haugan hadde ordet til saksføreavinga.

Samrøystes vedteke.

Framlegg 32, frå Inger Johansen:

Line 251: Tillegg "Minst 25 jenter bør koma på kurset"

Tilrådd vedteke.

Samrøystes vedteke.

Framlegg 33, frå Kay-Morten Aarskog:

Line 252: Nytt punkt: "Sentrallekken bør halda ei samling for idemyldring og planleggjing av framtidige aksjonar etter skulestartaksjonane."

Tilrådd avvist.

Kay-Morten Aarskog opprettheldt framlegget.

Desse hadde ordet: Kay Morten Aarskog.

Avvist.

Framlegg 34, frå Oddbjørn Haugen:

Line 262: Gjer om "...bør koma med minst fem nummer." til "...skal koma med fem nummer."

Tilrådd avvist.

Ingen opprettheldt framlegget.

Framlegg 35, frå Erlend Baldersheim:

Line 274: Nytt punkt: 3.6 Bumerke. "Det skal utarbeidast nytt bumerke for NMU. Bumerket skal vera ferdig til landsmøtet 2000."

Tilrådd vedteke, med tillegg.

Samrøystes vedteke med tillegget.

Det vart røysta over heilskapen i arbeidsprogrammet.

Arbeidsprogrammet til NMU for 1999- 2000 vart samrøystes vedteke.

#### SAK 5 VEDTAK PÅ MEDLEMPENGAR

Ordstyrarane las opp framlegget frå landsstyret.

Vedtak: Framlegg til medlemspengar for år 2000 vart samrøystes vedteke.

#### SAK 7 VEDTAK PÅ REVIDERT BUDSJETT 1999 OG BUDSJETT 2000

Styringsføresegner til driftsfondet 1999/2000:

Inger Johansen las opp framlegg til vedtekter frå Guro Skeie.

"Fram til landsmøtet i år 2000 er fondsmidelen og avkastninga urørleg. Oppgåva til fondsstyret dette året er å auka fondsmidelen monaleg. Landsmøtet pålegg landsstyret å koma med framlegg til nye lover til landsmøtet i år 2000. Alle vala i 1999 gjeld berre for eitt år."

Samrøystes vedteke.

Budsjett 1999.

Inger Johansen la fram framlegget frå nemnda.

Framlegg frå Hege Myklebust vart trekt til fordel for neste framlegg.

Framlegg frå Erlend Baldersheim, Hege Tangen, Halvard Læg Reid, Gudrun Kløve Juuhl og Veronika Stokseth.

Tilrådd vedteke frå nemnda.

Samrøystes vedteke.

Framlegg frå nemnda til post 1.3.2.

Framlegget vart trekt.

Røysting over heilskapen i budsjettet.

Budsjett for Norsk Målungdom for 2000 vert samrøystes vedteke.

Astrid S. Dypvik heldt eit reklameinnslag for sumarleiren.

Framlegg frå Erlend Baldersheim om å byrja møtet sundag klokka 08:30 i staden for klokka 09:00.

Vedteke.

Tilskiparlaget vitra om kva som skjer utetter kvelden.

Slutt for dagen 18.10.

Sundag 21. mars

Møtestart 08:40

Møtelyden song "Gagnløysa"

## SAK 10 VEDTAK OM TUFT

Framlegg frå landsstyret:

“Landsmøtet i NMU skal gjera vedtak om tuft i år 2000.”

Samrøystes vedteke

Tillegg frå Erlend Baldersheim:

“Landsstyret utarbeider framlegg til ny tuft. Framlegget skal sendast ut, saman med studiemateriell om tufta på høyring i organisasjonen. Dette skal henda i god tid føre landsmøtet slik at lokallaga kan koma med endringsframlegg.”

Samrøystes tilrådd vedteke.

Samrøystes vedteke

Framlegg 12 frå Erlend Baldersheim

“Landsmøtet ynskjer klarare profilering av prioriteringane i arbeidsprogrammet. Det vert på dette viset enklare å endra/ta vekk/leggja til punkt i programmet”

Samrøystes vedteke

## SAK 11 - FRÅSEGN

Astrid Dypvik vitra frå nemnda

Fråsegn 1: Sidemålsfråsegn

frå LST -

Endring A, frå Hege Myklebust

Framlegg til tittel på fråsegna: “STYRK NYNORSKUNDERVISNINGA”

Samrøystes tilrådd vedteke.

Samrøystes vedteke

Endring B, frå Tarjei Vågstøl og Hege Myklebust

2. avsnittet, fyrste lina: Byt ut “alle medborgarane” med “heile folket”.

Samrøystes tilrådd vedteke.

Samrøystes vedteke

Endring C, frå Hege Myklebust

2. avsnittet, 4. lina: Byt ut “Norskfaget skal vera (...)” med “Norskfaget er (...)”

Samrøystes tilrådd vedteke.

Samrøystes vedteke

Endring D, frå Hege Myklebust

2. avsnittet, 7. setningen - etter kommaet (nest siste og siste lina i avsnittet): Byt ut alt etter kommaet med: “men å læra å nytta bae språka vil øva opp og utvikla språkkjensla, språkkunnskapen og ordtilfanget på bae språk.”

Samrøystes tilrådd avvist. (sjå framlegg E frå Guri og F frå nemnda)

Framlegget vart trekt

Endring E (frå Guri Skeie) og F (frå nemnda)

2. avsnittet, siste setningen: STRYK heile setningen.

Samrøystes tilrådd vedteke. (Sjå framlegg F)

Samrøystes vedteke

Endring F, frå nemnda

2. avsnittet, tillegg til slutt (etter at den opphavlege sistesetningen vart stroken i framlegg E):

Ny setning: “Å læra å nytta bae språka vil øva opp og utvikla språkkjensla, språkkunnskapen og ordtilfanget på bae språk.”

Samrøystes tilrådd vedteke.

Samrøystes vedteke

Endring G, frå Guri Skeie

3. avsnittet, 2. setningen: Byt ut setningen med: “Nokre tykkjer det er naudsynt med gym, ein del kan ikkje sjå nytten av andregradslikningar – og andre ser altso ikkje poenget med å læra å skriva nynorsk.”

Samrøystes tilrådd vedteke.

Sigbjørn Hjelmbrekke hadde ordet

Samrøystes vedteke

Endring H, frå Guri Skeie

5. avsnittet, fyrste lina: Byt ut ordet “innser” med “meiner”.

Samrøystes tilrådd vedteke.

Samrøystes vedteke

Endring I, frå Hilde Lysengen Havro ned tillegg frå nemnda

5. avsnittet, 2. setningen: Byt ut setningen med: “Men i staden for å kutta ut faget i skulen, meiner me undervisninga kan betrast”.

Samrøystes tilrådd vedteke med fylgjande endring: Stryk ordet “Men” i starten.

Endring frå nemnda vedteke

Samrøystes vedteke

Endring J, frå Erlend Baldersheim

Nytt prikkpunkt under 5. avsnittet:

undervisninga i nynorsk sidemål skal leggja meir vekt på å gjeva elevane kjennskap til nynorsk lyrikk og prosa.

Samrøystes tilrådd avvist.

Ikkje halde oppe

Røysting over heilskapen: Fråsegna vart samrøystes vedteken.

Endeleg fråsegn om sidemål:

Til ungdomsparti, elevorganisasjonen, lærarforbunda, lærarutdanninga, ”nordisk”

Dei siste vekene har det kome mange åtak på sidemålsundervisninga. Desse åtaka er i stort grunngjeve med undersøkingar som syner illvilje mot nynorsk blant skuleelevane. Som ei bøteråd på det problemet vil mange ungdomspolitikarar fjerna heile faget. Norsk Målungdom meiner det er å ta tak i problemet frå feil ende.

Norsk skuleverk byggjer enno på tanken om at alle medborgarane treng ei ålmending, som gjev sams referanseråmer. I denne kunnskapsskulen er det ei målsetnad at norskfaget ikkje berre har som oppgåve å læra vekk eit minimum av kunnskap som trengst i arbeidslivet. Norskfaget skal vera det viktigaste kulturdaningsfaget. Norskfaget skal gjeva innsikt i norsk søge og litteratur, og gje eit oversyn over dei viktigaste kulturelle stridsmåla. Den norske målstriden er mellom desse. Kunnskap i norsk mål skal vera kunnskap både i bokmål og nynorsk. Ikkje alle vil få bruk for både nynorsk og bokmål i arbeidslivet, men og å øva opp språkkjensla som fylgje av det.

Det vert klaga over mange fag i skulen. Nokre tykkjer det ikkje er naudsynt med gym, andre kan ikkje sjå nytta av andregradslikningar – og mange ser altso ikkje poenget med å læra å skriva nynorsk. Bakgrunnen for at åtaka likevel kjem so mykje sterkare mot nynorsk er fordomane og mytane knytte til nynorsken. Me tykkjer ikkje innehaldet i skulen skal verta styrt av slike fordomar eller ungdomspolitikarane sin jakt på lettkjøpte røyster i skulevala.

Nynorsk og bokmål er jamstelte skriftmål. For at denne jamstellinga skal vera røyneleg, må nynorskbrukarane vera sikra at nynorsken kan nyttast på alle samfunnsomkverve. Om ikkje alle meistrar bae måla vert bokmål samnemnaren, og nynorsken vil verta trengd ut på sidelina. Obligatorisk sidemålsstil sikrar soleis dei demokratiske rettane til det nynorskbrukande mindretalet .

Norsk Målungdom innser likevel at undervisninga i nynorsk sidemål ikkje alltid er god nok. Me har nokre idear til korleis ein kan gjera nynorskundervisninga betre, ei løysing me tykkjer er betre enn å kutta ut faget.

Lærarane lyt få meir kunnskap om nynorsk og norsk målsoga. Dette er eit viktig krav no, ettersom norskfaget vert kutta ned på lærarskulen.

Undervisninga i målsoga må leggja meir vekt på dei kulturelle og politiske stridsemna knyta til målsaka, heller enn rettskrivingsendringar og bokstavstrid.

Nynorskopplæringa må knytast saman med dialektlæra for å syna korleis nynorsken er bygt opp, og sambandet mellom dialektane og nynorsken.

Det bør verta obligatorisk å nytta læreverv i sidemålsopplæringa, og det bør ikkje vera var lærar sitt andsvar å definera pensum.

Norsk Målungdom vitjar årleg mellom åtte og ni tusen elevar og ordsiftast med dei om nynorsk og bokmål. Difor dit me inne med mykje kunnskap om språkhaldningar mellom ungdommen. Me ynskjer å verta med på eit samarbeid for å betra norskundervisninga, og spesielt nynorskopplæringa.

Fråsegn til elevorganisasjonen:

Endring K, frå Tarjei Vågstøl

NYTT FYRSTEAVSNITT I FRÅSEGN TIL ELEVORGANISASJONEN

(At sidemålsfråsegna får eit anna fyrsteavsnitt i den versjonen som skal sendast til Elevorganisasjonen.)

Byt ut 1. avsnittet med:

Landsmøtet i Norsk Målungdom er glade for at landsmøtet i Elevorganisasjonen (EO) ikkje har vedteke å gå i mot sidemål med karakter. Me har likevel merkt oss at ein stor del av medlemene dykkar ynskjer valfritt sidemål. Me trur difor det at sidemål framleis kjem til å vera eit viktig tema for EO. Valfri karakter vil føra til at sidemålet misser prestisje andsynes dei andre faga. Landsmøtet i Norsk Målungdom vil difor oppmoda om at EO heller arbeider for å betra sidemålsundervisninga enn å veikja henne.”

Samrøystes tilrådd vedteke.

Desse hadde ordet

Erlend Baldersheim

Hege Myklebust

Samrøystes vedteke

Framlegg til endring L frå Hege Myklebust

”Sentralstyret får fullmakt til å leggja til eit avsnitt om at me har samarbeida med Elevorganisasjonen før (i AFSRIS), og gjerne vil gjera det igjen”

Vedteke, 2 mot, 2 fråhaldande

Landsmøtet i Norsk Målungdom er glade for at landsmøtet i Elevorganisasjonen (EO) ikkje har vedteke å gå i mot sidemål med karakter. Me har likevel merkt oss at ein stor del av medlemene dykkar ynskjer valfritt sidemål. Me trur difor det at sidemål framleis kjem til å vera eit viktig tema for EO. Valfri karakter vil føra til at sidemålet misser prestisje andsynes dei andre faga. Landsmøtet i Norsk Målungdom vil difor oppmoda om at EO heller arbeider for å betra sidemålsundervisninga enn å veikja henne.”

Norsk skuleverk byggjer enno på tanken om at alle medborgarane treng ei ålmending, som gjev sams referanseråmer. I denne kunnskapsskulen er det ei målsetnad at norskfaget ikkje berre har som oppgåve å læra vekk eit minimum av kunnskap som trengst i arbeidslivet. Norskfaget skal vera det viktigaste kulturdaningsfaget. Norskfaget skal gjeva innsikt i norsk søge og litteratur, og gje eit oversyn over dei viktigaste kulturelle stridsmåla. Den norske målstriden er mellom desse. Kunnskap i norsk mål skal vera kunnskap både i bokmål og nynorsk. Ikkje alle vil få bruk for både nynorsk og bokmål i arbeidslivet, men og å øva opp språkkjensla som fylgje av det.

Det vert klagt over mange fag i skulen. Nokre tykkjer det ikkje er naudsynt med gym, andre kan ikkje sjå nytta av andregradslikningar – og mange ser altso ikkje poenget med å læra å skriva nynorsk. Bakgrunnen for at åtaka likevel kjem so mykje sterkare mot nynorsk er fordomane og mytane knytte til nynorsken. Me tykkjer ikkje innehaldet i skulen skal verta styrt av slike fordomar eller ungdomspolitikarane sin jakt på lettjøpte røyster i skulevala.

Nynorsk og bokmål er jamstelte skriftmål. For at denne jamstillinga skal vera røynleg, må nynorskbrukarane vera sikra at nynorsken kan nyttast på alle samfunnsomkverve. Om ikkje alle meistrar bae måla vert bokmål samnemnaren, og nynorsken vil verta trengd ut på sidelina. Obligatorisk sidemålsstil sikrar soleis dei demokratiske rettane til det nynorskbrukande mindretalet .

Norsk Målungdom innser likevel at undervisninga i nynorsk sidemål ikkje alltid er god nok. Me har nokre idear til korleis ein kan gjera nynorskundervisninga betre, ei løysing me tykkjer er betre enn å kutta ut faget. Lærarane lyt få meir kunnskap om nynorsk og norsk målsoga. Dette er eit viktig krav no, ettersom norskfaget vert kutta ned på lærarskulen.

Undervisninga i målsoga må leggja meir vekt på dei kulturelle og politiske stridsemna knytte til målsaka, heller enn rettskrivingsendringar og bokstavstrid.

Nynorskopplæringa må knytast saman med dialektlæra for å syna korleis nynorsken er bygt opp, og sambandet mellom dialektane og nynorsken.

Det bør verta obligatorisk å nytta læreverk i sidemålsopplæringa, og det bør ikkje vera var lærar sitt ansvar å definera pensum.

Norsk Målungdom vitjar årleg mellom åtte og ni tusen elevar og ordsiftast med dei om nynorsk og bokmål. Difor dit me inne med mykje kunnskap om språkhaldningar mellom ungdommen. Me ynskjer å verta med på eit samarbeid for å betra norskundervisninga, og spesielt nynorskopplæringa.

Fråsegn 8: "Er osloelevar dummare"

Frå Guri Skeie, Halvard Læg Reid, Erik Bolstad

Desse hadde ordet:

Hege Myklebust

Erik Bolstad

Magnus Bernhardsen

Hege Tangen

Magnus Bernhardsen (RE)

Erlend Baldersheim

Nemnda gjorde framlegg om fylgjande endringar:

a) Flytt siste avsnittet fyrst. Vedteke, 2 fråhaldande

b) Byt ut "Vi vil..." med "Norsk Målungdom vil..." i det i den opphavlege teksten er andre setningane i det siste avsnittet. Utgåar/trekt (innarbeidd i vedtak a)

c) Stryk setning 3 i det fyrste avsnittet. Vedteke

d) Byt ut "Eit slikt prinsipp..." med "Framlegget..." Vedteke

e) Byt ut "Vi spør oss om..." med "Er" i den nest siste setningane i det fyrste avsnittet.

f) Skriv om dei to siste setningane i avsnitt to til "Av di nynorsk og bokmål er ein del av den norske kulturarven vert opplæring i både språka ein viktig reiskap i daningsprosessen i skulen." Vedteke

g) Byt ut "motivasjon" med "arbeidsinnsatsen" og "svekkja" med "lågare" i andre setningane det tredje avsnittet.

Fall, til føremun for framlegg h

h) "...motivasjonen vert svekkja og arbeidsinnsatsen lågare." Framlegg frå Hege Myklebust vart vedteke med stort fleirtal.

Ope brev til Grethe Horntvedt

Er osloelevar dummare?

Byråd for kultur og utdanning i Oslo, Grethe Horntvedt har gjort framlegg om å kutta ut eksamen i sidemål i Oslo som eit prøveprosjekt. Dette grunnjev ho med at undervisninga fungerer dårleg og gjev negative haldningar til nynorsken. Vurderer byråden osloelevane som dummare enn resten av elevane i den norske skulen, eller er det andre årsaker til at ho vil svekkja sidemålsundervisninga i hovudstaden?

Framlegget om å byggja ned undervisninga fordi ho fungerer dårleg er vanskeleg å ta alvorleg. Er dette ei form for løynd nynorskhet? Det er i alle fall ikkje ein konstruktiv måte å løysa eit problem på.

Det norske skuleverket står i ein folkeopplysnings- og danningstradisjon som vi meiner at er verdt å vidareføra. Norskfaget står i ein særskild viktig posisjon, der elevane blir introdusert i delar av den rike, norske kulturskatten. Opplæringa i både nynorsk og bokmål er soleis viktige reiskapar i danningprosessen i skulen. Både språka er ein del av den norske kulturarven.

Grethe Horntvedt seier ho har fått mange gode innspel til korleis sidemålsundervisninga kan gjennomførast utan eksamen. Å ikkje arrangera eksamen kan knapt få andre effektar enn at motivasjonen vert svekkja og arbeidsinnsatsen lågare. Om Horntvedt har fått andre framlegg til korleis undervisninga skal leggast opp kan dei truleg nyttast med noverande eksamensordning.

Er det noko ein kan læra av utspela den siste tida er det at undervisninga i sidemål må betrast kraftig. Dette gjeld både i grunnskulen, den vidaregåande skulen og lærarutdanninga. Viss framlegget til Horntvedt går gjennom vert ikkje osloelevane kvalifiserte til stillingar i skulen, staten og kommunane. Vi håpar ikkje at byråden vurderer osloelevane so lågt at dei ikkje har evne til å tileigna seg denne kompetansen.

Norsk Målungdom vil oppmoda Grethe Horntvedt om å bruka ressursar på å få til ei sidemålsopplæring som gjev elevane gode haldningar, innsikt i språkstoda og like god dugleik i sidemålet som i hovudmålet, i staden for å nytta tid å på å freista leggja ned faget!

Landsmøtet i Norsk Målungdom,  
Kinsarvik 21. mars

Fråsegna vedteken med ei fråhaldande røyst.

Fråsegn 2: Til KUF

Det opphavlege framlegget vart ikkje helde oppe.

All programvare på nynorsk!

I fylgjbrevet til dei nye føresegnene til opplæringslova stiller Kyrkje-, undervisnings- og forskingsdepartementet spørsmål om det er eit naudsynt krav med nynorske parallellutgåver av "administrativ programvare " i skulen. NMU vil svara klårt og eintydig "JA" – me treng dataprogramma våre på nynorsk.

Teksten i opplæringslova slår klårt og tydeleg fast at elevane har rett på parallellutgåver av alle læremiddel, inkludert elektroniske. For norske skuleelevar er kvardagen meir og meir prega av datamaskinbruk. Å skilja "administrativ programvare frå annan programvare er å undergrava lovteksten og intensjonane i lova. Den sokalla administrative programvaren inkluderer tekststyringsprogram, databaseprogram, nettlesarar og rekneark. Desse programma vert nytta til nesten alt arbeid på datamaskiner . Om dei ikkje finst på nynorsk, er nynorsken i praksis fjerna frå datamaskinbruken.

Ikkje undergrav opplæringslova!

Norsk Målungdom krev all programvare på nynorsk!

Fråsegna samrøystes vedteken.

Fråsegn 3: Vollebæk: Gje Öcalan asyl!

Endringar

a Framlegg frå Astrid S. Dypvik: 4. avsnittet: Byt ut heile avsnittet med “Kurdarspørsmålet i Tyrkia er ein konflikt mellom to krigförande partar, og ikkje eit fredeleg land sitt oppgjer med treoristar. Difor tykkjer Norsk Målungdom at Tyrkia ikkje har nokon rett til å døma Öcalan.

Samrøystes vedteke

Skal Öcalan dømast for brotsverka sine er det einaste rettvise at saka går framfor ein internasjonal tribunal, der ogso Tyrkia må stå til rette for sine brotsverk.”

Samrøystes vedteke

b Framlegg frå Astrid S. Dypvik, nest siste avsnittet: STRYK siste setninga.

Samrøystes vedteke

c Framlegg frå nemnda. Nest siste avsnittet: Ny setning, tillegg til slutt: “Den kulturelle og politiske undertrykkjinga av kurdarane er årsaka til striden, som vil vara ved til undertrykkjinga tek slutt”

Samrøystes vedteke

d Framlegg frå nemnda. Siste avsnittet, fyrste lina: Byt ut kunne uttrykt støtte til med bør stø.  
Samrøystes vedteke

Til pressa, UD, politiske parti og solidaritetsorganisasjonar

### **Vollebæk: Gje Öcalan asyl!**

Landsmøtet i Norsk Målungdom krev, i solidaritet med det kurdiske folket, at Abdullah Öcalan vert sett fri, og at Noreg gjev han politisk asyl.

I Kurdistan går det føre seg ein kamp for kurdisk nasjonal og kulturell frigjerung. Denne kampen er særleg hard i Tyrkia, der kvar freistnad på kurdisk organisering vert slege ned. Konflikten har kome i fokus dei seinaste vekene, av di leiaren for det største kurdiske partiet, PKK, er fengsla av den tyrkiske staten.

Abdullah Öcalan vert no stilt for retten i Tyrkia. Den tyrkiske staten ynskjer å gjera han andsvarleg for alle drapa i konflikten mellom kurdiske fridoms kjempingar og den tyrkiske staten. Med andre ord vil dei døma han for brotsverka til den tyrkiske hæren med.

”Kurdarspørsmålet” i Tyrkia er ein konflikt mellom to krigførande partar, og ikkje eit fredeleg land sitt oppgjer med terroristar. Difor tykkjer Norsk Målungdom at Tyrkia ikkje har nokon rett til å døma Öcalan.

Skal Öcalan dømast, for brotsverka sine er det einaste rettvise at saka går framfor ein internasjonal tribunal, der ogso Tyrkia må stå til rette for sine brotsverk.

Dei ulike kurdiske organisasjonane har i lang tid kravt ein internasjonal konferanse om kurdarspørsmålet. Norsk Målungdom vil oppmoda dei norske styresmaktene om å vera vertskap for ein slik konferanse.

I Tyrkia har kampen for kurdisk språk og kultur vorte møtt med fengselsstraffer, tortur og drap. Sjølv det å nemna det kurdiske spørsmålet har ført til sensur og fengsling. Den kulturelle og politiske undertrykkjinga av kurdarane er årsaka til striden, som vil vara ved til undertrykkjinga tek slutt.

Noreg bør stø det kurdiske fridomsstrevet ved å tilbyda Abdullah Öcalan politisk asyl. Noreg bør vera med å tryggja livet til Abdullah Öcalan, serleg etter at me nekta Öcalan asyl då han bad om det tidlegare i vinter. Noreg sel framleis våpen til Tyrkia, og tener pengar på krigen mot kurdarane. Ved å gje asyl til Öcalan kan me retta opp nokre av desse urettane!

Fråsegna samrøystes vedteken

### **Fråsegn 4: ”Heia Noreg”**

Endring frå nemnda

Me ynskjer å flytta andre setninga “Norsk Målungdom meiner at nasjonen no har krav på å heia på “Noreg” i det neste århundreåret.” øvst og la han stå som ein ingress til fråsegna.

Framlegget vart vedteke

Heia Noreg!

Norsk Målungdom meiner at nasjonen no har krav på å heia på "Noreg" det neste hundreåret. Gjennom heile det 20. hundreåret har namnet "Norge" vore nytta på kledda til norske landslag. "Noreg" og "Norge" er jamstilte som statsnemning i Noreg. Utgangspunktet bør vera 0-0 ved kampstart og sidebyte ved pause. Slik er den norske sportsanden.

Norsk Målungdom oppmodar difor Norges idrettsforbund til å nytta namnet Noreg på kledda til norske idrettsutøvarar frå og med 01.01.00.

Fråsegna vedteke, 1 fråhaldande, 1 mot

### **Fråsegn 5: ”NMU stør den tibetanske fridoms kampen”**

Desse hadde ordet



Magnus Bernhardsen

Framlegg frå Magnus Bernhardsen: ”Stryk setninga om å godkjenna den tibetanske eksilregjeringa Samrøystes vedteke

Til Den tibetanske eksilregjeringa, Den kinesiske ambassaden i Noreg, Tibet-gruppa i Noreg, norsk presse, Stortinget.

Norsk Målungdom stør den tibetanske fridomskampen!

Sidan kinesiske styrkar okkuperte Tibet i 1951, har dei undertrykt det tibetanske folket på mange vis. Tibetansk kultur og religion vert sterkt regulert av kinesiske styresmakter, og tibetanarar er annanrangsborgarar i sitt eige land.

10.03.1999 var det 40 år sidan opprørt i Lhasa-dalen som gjorde det naudsynt for Dalai Lama å gå i eksil. I det høvet vil Norsk Målungdom stø kampen for tibetansk språk og kultur, for rettane til det tibetanske folket og for sjølvstyre i Tibet.

Me oppmodar norske styresmakter om å auka innsatsen for å sikra tibetanarane sine rettar, både i det internasjonale romet og i høve til dei kinesiske styresmaktene.

Kampen for tibetansk kultur og sjølvstende byggjer på dei same prinsippa som Norsk Målungdom legg til grunn for arbeidet sitt for norsk mål, kultur og sjølvstende.

Fråsegna vedteke, 1 mot, 4 fråhaldande

Fråsegn 6 Fråsegn om “anbeheitelse-ord” frå landsmøtet i Norsk Målungdom

Desse hadde ordet

Kay Morten Aarskog, Erlend Baldersheim, Silje Buset, Håkon Kolmannskog (RE), Oddbjørn Haugen, Astrid Dypvik, Magnus Bernhardsen, Erik Haugan, Oddbjørn Haugen (RE), Kay Morten Aarskog.

Framlegg frå Erlend Baldersheim om å senda fråsegna til sentralstyret  
Framlegget vart avvist.

Nemnda si fråsegn vart lagd til grunn

Endring til framlegget: Legg setninga ”vi oppmodar Noregs Mållag til å gjera det same i innleiinga”.

Til Noregs Mållag og medlemene i Norsk Målungdom

An-be-heit-elseorda

Landsmøtet i NMU oppmodar sine medlemer om å nytta etablerte ord i staden for dei nyleg tillatne "anbeheitelse" orda. Me oppmodar Noregs Mållag til å gjera det same!.

Norsk språkråd gjorde i Februar vedtak om å lånord i nynorsk. Vedtaket opna for vidare bruk av dei sokalla "anbeheitelse" orda. Me meiner det ikkje er nokon grunn til å bruka slike ord, av di det finst gode avlørsarord i dagens nynorsk. Me treng ikkje vatna ut nynorsken med danske og tyske lånord!

Vedteke, 2 mot, 2 fråhaldande

Til saksføreavinga

Ragnhild Bjørge

Bjørn Hunderi

Erik Haugan

Erlend Baldersheim

Astrid Dypvik

Erlend Baldersheim (RE)

Erlend Baldersheim (til saksførehavinga)

Framlegg frå Erlend Baldersheim om å hava føre valet før resten av fråsegnspunktet.  
Framlegg frå Astrid Dypvik om å hava føre internfråsegnene fyrst

Framlegget frå Erlend Baldersheim om å førehava valet no fekk stort fleirtal  
Pause kl. 1017

Møtet tok til klokka: 1029

Sak 9, val

Leiar for valnemnda, Håkon Kolmannskog, vitra om valnemnda si innstilling

Desse hadde ordet

Trond Martin Sæterhaug

Håkon Kolmannskog

Trond Martin Sæterhaug (RE)

Leiar, nestleiar, økonomiandsvarleg, sentral- og landsstyremedlemer med varafolk vart samrøystes valde ved akklamasjon.

Andre ombod (styret i Noregs Mållag, valnemnda i Noregs Mållag, landsrådet i Noregs Mållag, styret i Driftsfondet åt NMU og revisor). Valde ved akklamasjon.

Framlegg til leiing for Norsk Målungdom 1999-2000  
Sentralstyret

Leiar:	Magnus Bernhardsen	Oslo	1976
Nestleiar:	Inger Johansen	Orkdal	1977
Øk.andsvarleg:	Erik Bolstad	Bærum	1977

Medlem:

Astrid Dypvik	Lensvika	1977
Hilde L Havro	Vang	1975
Gudrun Kløve Juuhl	Arna	1978
Tarjei Vågstøl	Os	1978

Vara:

1.	Hege Tangen	Skredestranda	1976
2.	Ragnhild Bjørge	Sund	1977
3.	Filip Stokkeland	Hole	1974
4.	Guri Skeie	Vefsn/Orkdal	1975

Landsstyret

Leiar:	Magnus Bernhardsen	Ikkje på val
Personleg vara:	Inger Johansen	Ikkje på val

Medlem, på val i 2000:

Ikkje på val	Trond Martin Sæterhaug	Levanger	1978
Ikkje på val	Maria Sandodden	Stjørdal/SmiN	1979
Ikkje på val	Arild Torvund Olsen	Fjell/SmiB	1977
Ikkje på val	Kristian Thunestvedt Evjen	Orkdal	1980
Ikkje på val	Ragnhild Ås	Aure/SmiN	1975
Ikkje på val	Inger Helen Sekse	Kinsarvik/IHMU	1979

Medlem, på val i 2000:

Sigbjørn Hjelmbrække	Osterøy/BMU	1979
Jone Aareskjold	Sandnes/SMU	1979

Medlem, på val i 2001:

May-Britt Hopsdal	Sund/SmiB	1977
-------------------	-----------	------

Sigfrid Tvittekkja	Rauland/SmiO	1973	
Marte Willhelmsen Solheim	Dale		1982
Silje Buset	Volda/SmiB	1977	
Erlend Baldersheim	Fusa		1982
Erik Haugan	Åndalsnes/SmiO	1973	
Eva-Marie Mathisen	Sortland/Bømlo	1979	
Ingvild A Måseide	Nidaros/SmiO	1977	

På val i 2000:

Vara:	Håvard Tangen	Andebu/SmiO	1976	
	Jill-Eva Sørhaug	Gulen/Austrheim	1980	
	Helle Marie Nordstrand	Levanger/Børgin	1981	
	Klaus Johan Myrvoll	Smøla		1981
	Elisabet Bartnes Sylten	Levanger	1981	
	Hilde Ullmann	Kvinherad	1981	
	Berit Tjelle	Surnadal	1981	
	Kay-Morten Aarskog	Volda/ØVMU	1981	
	Frank Rønning	Lillehamar	1978	
	Olav Torheim	Volda/ØVMU	1979	

Styret i Noregs Mållag

Medlem: Hilde L Havro

Vara:

1. Guri Skeie
2. Tarjei Vågstøl

Valnemnda i Noregs Mållag

Medlem: Erik Bolstad

- Vara:
1. Astrid Dypvik
  2. Hege Tangen

Landsrådet i Noregs Mållag

Medlem: Ragnhild Bjørge

- Vara:
1. Ingvild A Måseide
  2. Ragnhild Ås

Styret for driftsfondet åt NMU

Medlem: Håvard Øvregard,

Erik Bolstad

Vidar Lund

Mette Løkeland-Stai

Hege Myklebust

Vara: Filip Stokkeland, Guri Skeie, Håkon Kolmannskog

Revisor Varden Revisjonskontor

Utsendingar frå NMU til landsmøtet i NMU. Framlegg frå valnemnda: "Sentralstyret, landsstyret og medlemslista til NMU. Sentralsstyret får fullmakt til å finna utsendingar". Velt ved akklamasjon.

Ny valnemnd:

Magnus Bernhardsen la fram landsstyret sitt framlegg til ny valnemnd.

Framlegg til ny valnemnd i NMU 1999 - 2000:

Hilde Lysengen Havro, leiar, Inger Helen Sekse, Erik Haugan. Vara: Astrid Sverresdotter Dypvik og Sigbjørn Hjelmbrække.

Desse hadde ordet

Hege Tangen

Magnus Bernhardsen

Gudrun Kløve Juuhl

Hege Tangen gjorde framlegg om å byta plass på varafolka, slik at Sigbjørn Hjelmbrække vert fyrstevara og Astrid Dypvik andrevara. Magnus Bernhardsen trekte LS sitt framlegg til fordel for dette.

Vedtak:

Valnemnd i NMU 1999 - 2000:

Hilde Lysengen Havro, leiar, Inger Helen Sekse, Erik Haugan. Vara: Astrid Sverresdotter Dypvik og Sigbjørn Hjelmbrække.

Samrøystes vedteke.

Sak 11, fråsegner (framhald)

Fråsegn 7: "Eksamen på eige skriftmål!"

a) Endring i fyrste setninga til : "I mållova §7. og i forskrifta til eksamen på universitet og høgskular vert det slege fast..."

Det var usemje om formuleringa var rett.

Det vart gjort framlegg om å senda fråsegna over til sentralstyret for å få sett inn den rette formuleringa frå lovteksten.

Samrøystes vedteke

b) Endring i andre setning. Endra den andre leddsetninga til: "...har kome med utspel og dei nektar for at studentane har denne retten..."

Samrøystes vedteke

c) Endring i fyrste setninga i tredje avsnittet: "Med desse utsegnene syner dei tilsette at dei ikkje..."

Samrøystes vedteke

d) Stryk andre setninga i det andre avsnittet.

Gudrun Kløve Juuhl held oppe den opphavlege setninga.

Røysteteljing: 30 med røyserett

Røysting: 15 mot å stryka setninga, 10 for å stryka setninga

Vedtak: Setninga vart ikkje strøken.

Fråsegna samrøystes vedteke

Til NTNU, UIO, UIB, NS og UITø

Eksamen på eige skriftmål!

I forskriftene til eksamen på universitet og høgskular §7 vert det slege fast at studentar har rett til eksamen på eige skriftmål. Landsmøtet i NMU har merka seg at fagleg tilsette t.d. ved NTNU, har kome med utspel der dei nektar for at studentane har denne retten.

Grunngjevinga er at det er for tidkrevjande å laga eksamensoppgåver på begge skriftmåla, og at alle skjønar bokmål.

Med desse utsegnene syner dei tilsette at dei ikkje tek andsvar for å oppfylla studentane sine rettar.

Nynorskstudentane er alt i ein pressa situasjon.

Me vonar at dei tilsette i staden for å nytta tid og krefter på å rettferdiggjera lovbrota sine, heller gjev studentane eksamen på eige skriftmål!

Fråsegn 9 Nynorskopplæring for alle

Fremja av landsstyret.

Endring frå nemnda samrøystes godkjend

Fråsegna samrøystes vedteke

Fråsegn 10 Fridom til nynorsk som hovudmål

Endringsframlegg frå nemnda:

a) Stryk tredje prikkpunktet. Vedteke

b) Endra nest siste setninga til "Er læraren ikkje særers positiv til ...". Vedteke

Endringsframlegg frå Erlend Baldersheim

c) Til siste prikkpunktet: Skift ut "Administrasjonen" med "leiinga". Avvist

d) Skriv om avsnittet "Norsk Målungdom krev lovfest..." Slik at avsnittet utgjer ein skikkeleg setning med ei god meining. Avvist

Til KUF, Stortinget, den nye elevorganisasjonen, lærarorganisasjonane og pressa.

Fridom til nynorsk som hovudmål!

Norsk Målungdom krev eit røynt høve til å velja nynorsk som hovudmål på vidaregåande skule. For at det ikkje skal verta vanskelegare å ha nynorsk enn bokmål til hovudmål, treng me lovfeste rettar som tek vare på nynorskelevane.

Norsk Målungdom krev lovfest:

Alle lærebøker, programvare og alle andre læremiddel på nynorsk til skulestart.

Anna skriftleg tilfang, slik som prøvar og oppgåver, på eige mål.

Eigne vitnemål baa mål.

Skriv frå lærarane og administrasjonen på skulen på eige mål

Kravet om læremiddel er alt lovfest (§38 Lov om videregående opplæring, avløyst av §9-4 i Opplæringslova.) Likevel er det kvar haust ein del elevar som vantar lærebøker til skulestart, noko som skjedde sist haust med. Utover denne retten, som me veit vert broten, har nynorskelevane ingen rettar som nynorskbrukarar. Lov om målbruk i offentleg teneste gjeld ikkje i skuleverket. Det verkar lite rettvist at nynorskelevar ikkje skal ha dei same målrettane som andre nynorskbrukarar. Det mest handfaste nynorskelevane har å stø seg til er eit rundskriv frå 1980, der det mellom anna står at det vil vera rimeleg at læraren tar omsyn til at dei har elevar med ulikt hovudmål. Er ikkje læraren sers positiv til nynorsk kan det vera vanskeleg å få undervisning tilrettelagt. Er nynorskelevane i mindretal i klassen eller på skulen, er det vanskelegare å halda på nynorsken.

Rettane til elevane lyt vera klåre, og ikkje skifta frå skule til skule, frå lærar til lærar. Slikt kan berre sikrast ved lov.

Fråsegna samrøystes vedteke

Fråsegn 11 a Ex.phil og forprøve - eit kurs i bokmål

Landsmøtet vedtok samrøystes å intensjonen, men sendte fråsegna over til landsstyret for ny ordlyd.

Fråsegn 11 b Vis nasjonaldagen. ha nynorsk Gudsteneste

Landsmøtet vedtok intensjonen, men sendte fråsegna over til sentralstyret for ny ordlyd, mot ei røyst.

Fråsegn 13 Internfråsegn om jentepolitikk i NMU

Fremja av: Ingvild Måseide, Odny Askeland, Hege Myklebust, Jenny Sundvall, Mia Kirkes, Gudrun Kløve Juuhl, Ragnhild Askeland.

Samrøystes vedteken

Fråsegn 14 Bygda innanfor kjem til ein stad nær deg

Fremja av Hege Tangen, Gudrun Kløve Juuhl, Veronika Stokset, Erlend Baldersheim, Odny Askeland

Samrøystes vedteke

Fråsegn 15 Internfråsegn om å seia Noreg

Fremja av Arild Olsen, Klaus Johan Myrvoll, Tarjei Vågstøl.

Desse hadde ordet:

Arild Torvund Olsen, Astrid Dypvik, Bjørn Hunderi, Erik Bolstad, Magnus Bernhardsen, Arild Olsen, Frank Rønning, Trond Martin Sæterhaug, Halvard Læg Reid (RE), Veronika Holmli

Fråsegna vart avvist, mot 4 røyster.

Framlegg frå Arild Torvund Olsen om bridge av framlegg (b), der me slær fast at innhaldet fråsegna skal vera at me stør bruken av Noreg i skrift og tale. Nemnda trekkjer sitt framlegg.

Framlegg frå nemnda til grunn. Vedteke. 8 røyster mot, 1 fråhaldande.

møtepause frå 1155 til 1215

Blest for høgnorskdagane i Volda v/ Kay-Morten Aarskog

Blest for landsmøtet i Noregs Mållag ved Oddmund Hoel (Noregs Mållag)

Blest for boka ”Austlandsmålet i endring” ved Oddmund Hoel (Samlaget) og dialektseminaret åt Austmannalaget.

Sak 12 Landsmøtestad år 2000

Magnus Bernhardsen legg fram innstillinga til landsstyret.

“Landsstyret i NMU innstiller på at Studentmållaget i Oslo skal skipa til landsmøtet i 2000”

Desse hadde ordet: Halvard Læg Reid

Framlegget frå landsstyret samrøystes vedteke

Magnus Bernhardsen takka tilskiparlaget for eit godt gjennomført landsmøte.

Inger Helen Sekse takka for seg

Sak 13 Landsmøtekritikk

Desse hadde ordet: Frank Rønning, Hege Tangen, Trond Martin Sæterhaug, Ingvild Aursøy Måseide, Hege Myklebust, Filip Stokkeland, Tarjei Vågstøl, Halvard Læg Reid, Håkon Kolmannskog, Oddmund Hoel, Erik Bolstad.

Magnus Bernhardsen heva møtet klokka 1255, og me song ”Nordmannen”.

Sundag 21. mars

Eli Bjørhusdal og Hege Myklebust var ordstyrarar.

0905: Møte starta. Me song “Her er det land”

0908: Sak 7 Vedtak om medlemspengar

Magnus Bernhardsen vitra om 1st sitt framlegg til medlemspengar.